



Årsmelding
for
Troms Nei til EU
20.10.2018 – 07.12.2019

1. Tillitsvalde

Troms Nei til EU har i meldingsåret hatt følgjande tillitsvalde:

Styret i Troms Nei til EU

Funksjon	Namn	Adresse	Mobiltelefon	Fasttelefon
Leiar	Olav Flaate	Storbekken 1, 9310 Sørreisa	92680283	-
Nestleiar	Arnhild Lindholm	Takvatn, 9334 Øverbygd	98007937	-
Kasserar	Eli Berg	Kvamstykket 8, 9009 Tromsø	48183747	77688212
Kvinnekontakt	Anne-Lise Isaksen	Målselvgata 3, 9007 Tromsø	90630010	77687637
Styremedlem	Arne Overein	Kvamstykket 8, 9009 Tromsø	93265074	77610202
Styremedlem	Marilyn Putney	Utsikten 318, 9018 Tromsø	95209927	-
Styremedlem	Tore Ruud	Elgsnes, 9402 Harstad	95285414	77060332
Styremedlem	Sofie Axelsen Osland		40241927	
1. vara/styremedlem	Reidun Heggen			
2. vara	Eivind Ditlefsen	Erling Nilssens vei 8, 9300 Finnsnes	97617242	-
3. vara	Erling Briskemyr	Rotsundveien 1261, 9153 Rotsund	91788398	
4. vara	Jens-Olav Løvlid	Hansvoll, 9050 Storsteinnes	97723572	-

26. juli 2019 måtte Marilyn Putney tre ut av styret for Troms Nei til EU av helsemessige årsaker. Den 10. november 2019 døydde ho.

1. vara Reidun Heggen har gått inn i styret istadenfor Marilyn

Arbeidsutvalet:

I denne perioden har desse danna arbeidsutvalet:

Olav Flaate
Arnhild Lindholm
Eli Berg

Landsmøte:

Utsendingar til Landsmøtet:

Olav Flaate, Eli Berg, Arne Overein, Sofie Osland, Tore Ruud, Marilyn Anne Putney, Erling Briskemyr.

Vara: Iris Hemmingsen og Nils Aarsæther

Revisor : Nils Aarsæther, Tromsø

Valkomité:

Åshild Fause, Tromsø (leiar)
Grethe Hoel Karlsøy
Jens Olav Løvlid

Representantar frå Troms med verv i sentralorganisasjonen:

Nils Aarsæther er medlem av kontrollkomitéen

Peter Ørebech medlem av rådet

Tore Ruud er medlem av valnemnda i Nei til EU sentralt.

Sofie Axelsen Osland medlem av fiskeripolitisk utval i Nei til EU

2. Årsmøtet 2018

Årsmøtet i Troms Nei til EU vart arrangert i Tromsø 20. oktober 2018.

3. Styret sitt arbeid

Styret har i meldingsåret hatt sju styremøter, eitt av desse var på Husøya i samband med Husøydagane.

I inneverande periode har styret handsama 54 saker. På styremøta har Tore Ruud ,på ein fagleg god og grundig måte, orientert styret om ulike EU- relarerte emner. Fleire av desse omhandla Brexit.

4. Sekretær

I inneværande periode har Troms Nei til EU heller ikkje hatt nokon regionsekretær på grunn av den generelle økonomiske situasjonen til Nei til EU.

Men Anne Lise Isaksen , styremedlem i Troms Nei til EU, har gjort ein kjempejobb som protokollkskrivar etter styremøtene. I hennar fråvære har nestleiar i Troms Nei til EU Arnild Lindholm vidareført det gode arbeidet til Anne-Lise.

5. Kasserar

Eli Berg har vore sekretær og har sytt for ei systematisk og god økonomistyring.
Solid jobbing og av styremedlemme ellers.

Styremedlem og facebookansvarleg,Tore Ruud har i starten av styremøta oppdatert styret på mange aktuelle EU/EØS saker. Alltid grundig og god informasjon frå Tore.

5. Opne møter/arrangement

28 og 29 sepember 2019: Fiskerikonferanse i samband med fiskeripolitisk utval i Nei til EU

Stad: Saga hotell i Tromsø

Svært godt oppmøte

Troms Nei til EU markerte 25-årsjubilèet for sigeren i folkerøystinga i 1994 med to arrangement i Tromsø laurdag 16. november 2019

1. Jubilèumsseminar på Hotell Saga i Tromsø (kl. 11.15 – kl. 15:15)

Del 1: Folkerøystinga i 1994 . Kvifor sa det norske folk nei? Kva var spesielt med Nord – Noreg ?

Innleiarar: Bente Aasjord og Nils Aarsæther.

Del 2: Kva har kjenneteikna norsk tilknytning til EU sidan 1994? Kva er viktige

utfordringar i dag?

Innleiarar:

Leiar av Nei til EU: Kathrine Kleveland

Leiar av Ungdom mot EU : Reidun Heggen

Mangeårig leiar av Tromsø Nei til EU: Anna Margrethe Flåm

Del 3: EØS-debatt med fylgjande panel:

Sentralstyremedlem av» Europavegelsen»: Morten Skandfer

Leiar av Nei til EU : Kathrine Kleveland

Regiondirektør for Entreprenørforeningen Bygg og Anlegg Hålogaland:

Stein Windfeld

Representant frå Fellesforbundet: Boye Ullmann

Møteleiar: Politisk redaktør i avis Nordlys: Skjalg Fi jellheim

Arrangement 2:

Kl: 20:00 Kulturarrangement «Vi sto han av» på Storgata Camping

.Framføringar av:

Blandakoret «Nordaførr»

Helge Stangnes les eigne dikt

Nina Kvanmo og Anne Linn Lernes

«Open Window» - ung rockegruppe

Åshild Fause og Jens Ingvald Olsen frå fylkesstyret i Troms Nei til EU frå 1989 – 1994
mimrar i samtale om viktige hendingar frå den tida.

Festtale med leiar av Nei til EU: Kathrine Kleveland og

Leiar av Ungdom mot EU: Reidun Heggen

+ EU-quiz

7. Stand

Vervestand med utdeling av materiell både i Tromsø og på Husøya.

8. Representasjon

Nestleiar Arnhild Lindholm og Anne-Lise Isaksen deltok på fylkesleiarsamling i Oslo.

Arne Overrein og Olav Flaate deltok på Trondhjemskonferansen.

Eli Berg, Marilyn Putney, Arne Overrein, Sofie Axelsen Osland , Anne Lise Isaksen , Erling Briskemyr og Olav Flaate deltok på landsmøtet til Nei til EU.

Anne Lise Isaksen deltok på kvinnekonferansen 2-3 november 2019

Anne Lise Isaksen og Tore Ruud møtte på Nei til EU sitt rådsmøte 6.- 7 april 2019

9. Aktive lokallag i Troms:

(med medlemsoversyn)

Troms Nei til EU har lokallag med et valgt styre i Balsfjord/Storfjord, Harstad og Tromsø.

Balsfjord/Storfjord Nei til EU

Det har ikkje vore aktivitet i lokallaget det siste året. Lokallaget har pr. 22. september 50 betalande medlemmer.

Harstad Nei til EU

Harstad Nei til EU har hatt årsmøte og to styremøter sidan førre årsmøte i fylkeslaget.

Eitt medlemsmøte i samband med at det er 25 år sidan folkerøystinga i 1994

I tillegg er det delt ut løpesetlar på to tilskipingar 1. mai 2019 og i samband med lolkalvalet.

Harstad Nei til EU har pr. 22.09.2019: 91 betalande medlemmer.

Sørreisa Nei til EU

Leiar av Sørreisa Nei til EU skriv avisinnlegg, som han har fått på trykk, både i lokalavisa og i regionalavisar. Ellers deler han ut løpesetlar i kommunen.

Det er pr. 22. september 2019 : 14 betalande medlemmer

Tromsø Nei til EU

Lokallaget i Tromsø har pr. 22 september 2019: 276 betalande medlemmer

Studentar mot EU

Studentar mot EU har i inneværande år hatt liten aktivitet.

Ungdom mot EU

Ungdom mot EU har etablert fylkeslag i Troms, men det synest å vera liten aktivitet der.

10. Medlemmer

Det er 721 betalande medlemmer i Troms Nei til EU per 22.september 2019.

Medlemskontigent gir Nei til EU inntekter til å drive informasjon og vera ein kunnskapsbase. Med rik tilgang på kunnskap er det lett å kunna agera i det offentlege rommet, når den politiske eliten aksepterer nye krav frå EU ,som er i strid med demokrati og norsk sjølvråderett.

Det er gjort fleire ringerundar for å purre på dei som ikkje har betalt kontigenten.

Nei til EU har eit godt renomé i opinionen, men for lite synleg . Det er viktig å informere folk om kva som skjer i Brüssel og ulike medlemsland i unionen. Repetisjon av informasjon gjer at ting festnar seg betre. Dette er særleg viktig når det gjeld EØS-avtalen. Det store spørsmålet er alltid kva slag Noreg me vil ha.

11. Kommunikasjon

Nei til EU har både interne og eksterne kommunikasjonskanalar. Internt i organisasjonen har me frå sentralt hald medlemsavisa Standpunkt og ulike nettverksbrev. Nokre av desse går og til representantar for nei-alliansen.

Det er fleire eksterne kommunikasjonskanalar og sjølv om dei er opne, er dei i stor grad retta inn mot medlemmer og sympatisørar. Sentralorganisasjonen har nettside, Facebook-side, gjev ut årbok, VETT-hefte, brosjyrar og løpesetlar. Troms Nei til EU har eiga nettside

Den gamle nettsida til Troms Nei til EU <http://troms.neitileu.no/> vert ikkje lenger oppdatert. No er det <https://neitileu.no/fylke/troms> som er gjeldande. Denne vert oppdatert no og då, medan vi legg inn nye ting på facebooksida <https://www.facebook.com/Tromsneitileu> fleire gonger i veka.

Papiravisene er framleis viktige i arbeidet med å spreie informasjon om EU, EØS, Schengen og anna aktuelt stoff som er med på å bryte ned nasjonale, demokratiske og folkelege kulturverdiar.

Nokre debattinnlegg i lokal og regionalavisar i perioden: (OlavFlaate)

1. Fagrørla seier Nei til EØS-avtalen.
2. Handelsavtalen med EU vil tena det norske folk betre enn EØS – avtalen.
3. EØS-avtalen for fisk og folk.
4. EU-medlemsskap, EØS eller Handelsavtale?
5. Vi og verden,
6. Leve EØS – dritt i Noreg og sjølvråderetten.
7. EØS – to ulike planetar.
8. Endeleg EØS på den politiske dagsorden.
9. To direktørar og EØS-avtalen.
10. Det nye kolonivelde, EU og EØS.
11. Ja, vi elsker dette landet.
12. EØS-avtalen og kommunevalet.
13. EØS betyr mye, også i Troms.
14. EØS-avtalen eit springbrett til EU-medlemsskap.

12. Den politiske situasjonen



Brexit forhandlingane mellom Storbritannia har vore ein fylgjetong sidan 23 . juni 2016 då eit fleirtal av Britane stemte for å forlata EU. Kva som skjer mellom EU og Storbritannia når Brexit skal vera eit faktum seinast 31. januar 2020, er uvisst enno. Brexit kan opna fleire dører for Noreg, sjølvom det er mange norske EU tilhengjarar som svartmålar situasjonen.

Parlamentet går no inn for å ha nyval den 12. desember 2019

Det knyter seg mykje spaning til dette valet. Vil Boris Johnson få eit solid fleirtal for å få gjennomslag for politikken sin eller ikkje?

ACER søksmålet frå Nei til EU mot regjeringa for å ha overført noko av Noreg , kontroll og styringsretten av norsk vasskraft og energiproduksjon til ACER, EU sitt energibyrå i strid med den norske grunnlova , vart avvist av regjeringsadvokaten.

Denne avgjersla ankar Nei til EU.

Sørreisa 09...november 2019

Olav Flaate

Leiar

Arnhild Lindholm

Nestleiar

Eli Berg

Kasserar

Anne-Lise Isaksen

Styremedlem/kvinnekontakt

Reidun Heggen

Styremedlem

ArneOverrein

Styremedlem

Tore Ruud

Styremedlem